



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/780 22/8689		131926/2022/REGULERINGSPLAN/1517	Johnny Loen, 71 28 02 43	07.10.2022

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan Brekkane - gbnr 41/452 m.fl. - ny vurdering

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet.
Fylkestinget er øvste mynde.*

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Innleiing

Vi viser til motsegn gitt i brev 01.09.2022. Etter oppmoding frå kommunen har vi gått gjennom saka på nytt. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Samferdsel

Etter innspel frå kommunen, ser vi at vi kan vere nokre mindre mistydingar i korleis trafikkanalysen har vore tolka. Ut frå dette trekker vi no motsegna knytt til at Drammenvegen må retningsregulerast før det gis bruksløyve til første bustad innafor byggetrinn 1 og at Holstadcrysset må bli kanalisert dersom Drammensvegen ikkje blir retningsregulert. Planen kan derfor eigengodkjennast slik vi har hatt han til høyring.

Vi ber likevel kommunen følge med på korleis trafikkavviklinga og trafikktryggleiken i Holstadcrysset utviklar seg gjennom utbygging av byggjetrinn 1 på Brekkane, og føreset at kommunen iverkset tiltak som t.d. retningsregulering av Drammensvegen, dersom utbygginga medfører utfordringar med tryggleik eller med trafikkavviklinga i krysset.

Fylkeskommunen vil sørge for, og koste betre skilting av kryss fra fv. 61 til kv. Reiten og fv. 61 og kv. Hareidsmyrane.

Konklusjon

Motsegn gitt i brev 01.09.2022 blir med dette trekt, og planen kan eigengodkjennast.
Vi ber kommunen iverksette tiltak dersom trafikkutviklinga tilseier dette.

Med helsing

Gunn Randi
Kst. Fylkeskommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikke signatur

Fagsaksbehandlar:
Samferdsel: Rådgivar Eiring Husby Frey

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykker ref:	Dykker dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/780 22/8689	19.07.2022	99716/2022/REGULERINGSPLAN/1517	Synnøve Valle, 71 28 02 39	01.09.2022

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan gbnr 41/42 m.fl. - Brekkane - fråsegn ved tredje gongs offentleg ettersyn - motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld tredje gongs høyring av reguleringsplan for Brekkane. Vi uttalte oss om planen ved første gongs høyring 12.05.21 og andre gongs høyring 27.09.21.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Ved 2. gongs høyring hadde fylkeskommunen merknader/motsegn til følgjande tema:

- Byggetrinn
- Føresegna
- Gangsystem
- Byggegrenser
- Støy

Byggetrinn

Vi fremma motsegn til planen inntil det var greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkjøring ved Holstadkrysset. Vi peika samtidig på at

retningsregulering av Drammensvegen ikkje er til hinder for at trafikk frå Ulstein til feltet nyttar Holstadkrysset opp Reiten som åtkomst. Dersom kommunen ikkje kunne sikre at det ikkje vart auka trafikk i Holstadkrysset før ei rundkøring vart realisert, bad vi om at risikoreduserande tiltak vart vurdert i *tillegg til* retningsregulering av Drammensvegen.

Kommunen har no fått utarbeidd ei trafikkvurdering av Norconsult. Vurderinga konkluderer med at kryssa mellom fv. 61 og kommunalvegane Reiten og Hareidsmyrane ikkje har registrerte trafikkulykker som tilseier at det er eit trafikktryggingsproblem i kryssa og at den planlagde utbygginga av Brekkane ikkje vil medføre ei trafikkauke som er kritisk for dei to kryssa på fv. 61.

Trafikkvurderinga oppsummerer med at vegvisinga i dei to T-kryssa i dag er svært dårlig og mangefull og at dagens trafikk på fv. 61 tilseier at kryss ved kv. Reiten burde vere kanalisert.

Administrasjonen har ved 3. gongs høyring gått bort i frå å retningsregulere Drammensvegen, jf. merknadsvurderinga til 2. gongs offentleg ettersyn, og meiner at dette vil føre med seg andre utfordringar i det kommunale vegnettet som ikkje vil kunne løysast på ein god måte isolert sett. Ei eventuelt retningsregulering vil i staden bli vurdert i samband med utarbeiding av ei heilskapleg skiltplan for Hareid sentrum. Kommunen konkluderer med at dei vil halde på trafikkmönsteret som er i dag og lene seg på trafikkvurderinga frå Norconsult som sei at bustadfeltet ikkje vil medføre ei trafikkauke som er kritisk.

Det er svært positivt at kommunen no har fått utarbeidd ei trafikkvurdering for Holstadkrysset. Trafikkvurderinga tek utgangspunkt i ei to-trinns utbygging av Brekkane kor all trafikk frå byggesteg 1 vil gå via Drammensvegen og at denne løysninga ikkje vil medføre meir trafikk ut på Holstadkrysset. Vi **opprettheld motsegna** om at Drammensvegen må retningsregulerast før det blir gitt bruksløyve for første bustad innanfor byggetrinn 1. Dette må inn som eit rekkefølgjekrav.

Dersom ein vel å **ikkje** retningsregulere Drammensvegen, må avbøtande tiltak for Holstadkrysset i form av betre skilting, venstresvingsfelt og trafikkøy i samsvar med trafikkvurderinga frå Norconsult gjennomførast allereie i samband med byggesteg 1. Det må då stillast rekkefølgjekrav om at desse tiltaka er gjennomførte før det blir gitt bruksløyve for første bustad innanfor byggesteg 1.

Det er elles positivt at det er sett følgjande rekkefølgjekrav til byggesteg 2, jf. § 8.2 a i føresegna:

"Før det vert gjeve bruksløyve for første bueining i andre byggesteg skal:

- *Holstadkrysset vere ferdig regulert og opparbeidd som rundkøring eller på annan måte slik planen for «Hareidsmyra Nord 2» fastset når vedtatt."*

Vi gjer merksam på at reguleringsplanen "Hareidsmyra Nord 2" vil måtte ivareta omsynet til mjuke trafikantar og behovet for trygg kryssing av fylkesvegen som blir utløyst av byggesteg 2 på Brekkane. I samband med planarbeidet vil det også bli behov for ei ny trafikkvurdering som tek føre seg endringar i trafikkbiletet i Holstadkrysset som vert utløyst av auka aktivitet sør for fv. 61.

Føresegna

Vi peika på at § 4.1.1 i føresegna måtte vere tydelegare, slik at det blei sikra at det vart to byggesteg.

Føresegn 4.1.1 f) sikrar no at feltet skal opparbeidast i to byggesteg.

Under føresegns § 4.1 b og c) ber vi om at teksten blir endra slik at det blir tydeleg at unntak fra byggegrensa gjeld kommunal og/eller privat veg og ikkje fylkesvegen.

Gangsystem

Vi fremma motsegn mot internt gangvegssystem, då SGS 4 leia mjuke trafikantar ned mot fylkesvegen utan noko form for trygg kryssing av fylkesvegen. Vi rådde til å etablere fortau langs o_SKV6 heilt ned til undergangen.

Det interne gangsystemet er no trekt austover til plangrensa ved skuleområdet, og leiar mjuke trafikantar til eit trygt kryssingspunkt via undergangen under fv. 61. På bakgrunn av denne endringa **trekkjer vi motsega** til gangsystemet.

Byggegrenser

Vi oppmoda til at byggegrensa med avstand til veg vart talfesta i plankart og fastsett i føresegnsene for å hindre misforståingar seinare.

Byggegrensene, slik dei ligg føre, er berre knytte til dei særskilde arealformåla. Det vil seie at veglova si føresegns om byggegrense på det tidspunkt planen blir vedtatt blir gjeldande. For fv. 61 er byggjegrensa sett til 50 meter i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensene i Møre og Romsdal. Tiltak som ikkje har fastsett eiga byggegrense og som ligg innafor denne sona vil derfor krevje dispensasjon frå veglova, § 30.

Vi tilrår framleis at byggegrense mot veg blir teikna inn i plankartet og talfesta, samt at det blir knytt føresegns til denne, eventuelt at følgjande tekst blir lagt til i føresegna: "Der byggegrensene ikkje er vist, gjeld veglova og plan- og bygningslova § 29-4 om avstand frå veg, anna bygning og eigedomsgrense."

Støy

Vi bad om at føresegns som omhandla støy vart oppdatert i tråd med merknader til første gongs høyring, kor vi peika på at føresegns 2.1 var mangefull og at føresegns 4.1.4 m) måtte endrast til å omfatte leikeplassar i fleirtal.

Støyskjerm er no vist i teiknforklaringa til plankartet. Avstand på 3,5 meter frå støyskjerm til gang- og sykkelvegen er sikra i føresegns 4.2.6 b). Det er no synleggjort i føresegns 2.1 a) at forslag nr. 2 frå støyrapporten blir lagt til grunn for rekkefølgjekravet i §§ 8.1 og 2.

Føresegns 2.1 b) er no oppdatert og sikrar at både utandørs og innandørs grenseverdiar for støy blir i samsvar med til krava for støy og luftkvalitet i Klima- og miljøverndepartementets rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#).

Ordlyden i føresegns 4.1.4 k) er endra til å omfatte leikeplassar i fleirtal.

Rundkjøring ved Holstadkrysset

Rundkjøring i Holstadkrysset står på 6. plass på fylkeskommunens investeringsprogram under programområde TS-tiltak – med følgjande kommentarar:

«Ombygging av T-kryss til rundkjøring. Få politiregistrerte ulukker seinare år, men relativt høg ÅDT (6660) skaper problem med framkome for trafikk frå sidevegsnett og utfordrande forhold for kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikanter. Reguleringsplan frå 2009 viser rundkjøring. Det er utarbeidd eit kostnadsoverslag på 60 mill. kroner, der om lag halvparten er masseutskifting. Kommunen sin 1. priorititet. Prioritering føreset ekstern delfinansiering, men fylkeskommunale midlar og tilskottsbeløp er ikkje avklara.»

Rundkøyringa var som sagt kommunen si 1. prioritet da det vart bede om å komme med innspel til sist rullering av investeringsprogrammet. No kan det sjå ut som om kommunen ikkje lengre finn at ei rundkøyring i dette området er naudsynt. Kommunen må vurdere om ei rundkøyring i Holstadkrysset framleis skal vera deira 1. prioritet, eller om den skal takast ut av investeringsprogrammet ved neste rullering. Ei vurdering vil vere om rundkøyring kan erstattast av ein undergang, då det vil være eit behov for trygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar.

Konklusjon

- Vi opprettheld motsegsa om at Drammensvegen må retningsregulerast før det blir gitt bruksløyve for første bustad innanfor byggetrinn 1.
- Dersom ein vel å *ikkje* retningsregulere Drammensvegen må avbøtande tiltak for Holstadkrysset i form av betre skilting, venstresvingsfelt og trafikkøy i samsvar trafikkvurderinga frå Norconsult gjennomførast allereie i samband med byggjesteg 1.
- Vi trekker motsegsa vi hadde til det interne gangvegsystemet.
- Heimel for motsegn er Veglova sin § 1a, Handbok N 100 og plan- og bygningslova sin § 12-7.

Med helsing

Gunn Randi Seime
fylkeskommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar:
Samferdsel: Rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6090 Hareid

Dykkar ref: 19/780 22/8689
Vår ref: 2021/65889
Dato: 31.08.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

UTTALE TIL 3. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN - DETALJREGULERING FOR BREKKANE

Mattilsynet mottok 19. juli 2022 detaljreguleringsplan for bustadfelt på Brekkane i Hareid kommune, til 3. gongs uttale.

Ein viser til tidlegare innspel i samband med 1. og 2. høyringsrunde. Mattilsynet har ingen innvendingar ut over det vi tidlegare har kommentert.

Med helsing

Kristin Aamodt Støylen

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Emne: Detaljregulering for Brekkane - planid 2018002
Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>
Sendt: 30.08.2022 10.29.17
Fra: Nansy Pilskog Haddal <nansyph@gmail.com>

Hei,

Vi har blitt litt usikre på om innspela våre frå førre høyring er tatt hensyn til, slik som det står at det er gjort i merknadsvurdering_brekkaner.pdf. Det gjeld kor tett opp til huset vårt det er planlagt nye boligar. I førre runde sendte vi inn nokre ca mål på kor langt i frå huset vi ville at BFS1 skal gå, og vi kan ikkje sjå at dette er endra. På bakgrunn av at vi ikkje vil ha BFS1 så tett opp til huset, bokstavelig talt heilt opp i hushjørnet, så vil der heller ikkje vere plass til 5 frittliggende einebustadar slik vi ser det.

Vedlagte bilete syner korleis vi gjerne skulle sett at plankartet vart sjåande ut (men då med justeringa gjort i samsvar med mål tatt tidlegare - får ikkje teikna det korrekt inn her :)).

--

mvh.
Nansy Pilskog Haddal
mob: 977 66 774
mail: nansyph@gmail.com





Vår dato:

29.08.2022

Vår ref:

2019/407

Dykkar dato:

Dykkar ref:

19/780 22/8689

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune
Detaljregulering for Brekkane
3. gongs offentleg ettersyn

I vårt brev av 28.09.2021 fremja vi motsegn til detaljreguleringsplanen for Brekkane. Motsegna var grunngjeven med manglende sikring med omsyn til støy.

Vi har no mottatt oppdaterte plandokument, der det er gjort endringar som gjeld sikring mot støy. Vi kan difor trekke motsegna.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATENS VEGVESEN

Fylkeshuset
Postboks 8142 Dep

6404
0033
Molde
OSLO

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Vår dato: 29.08.2022

Vår ref.: 201900675-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 19/780 - 22/8689

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til tredje gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune

Vi viser til brev datert 19.07.2022. Saka gjeld tredje gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for eit heilskapleg, sentrumsnært og attraktivt bustadfelt for frittliggende/konsentrerte småhus og einebustadar, samt etablere ny vegløysing og tilhøyrande infrastruktur.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga uttale til andre gongs offentleg ettersyn av planframlegget i brev datert 23.09.2021. Vi hadde merknader til korleis omsyn til stabile grunnforhold og overvatn var løyst i planframlegget.

NVE sine merknader til revidert planframlegg

Grunnforhold

NVE registrerer som positivt at kommunen tek vårt råd ved andre gongs offentleg ettersyn til følgje og set krav i føresegne § 2.2 med krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle byggesaker i planområdet.



Overvatn

NVE har gitt råd om kartlegging av dreneringslinjer og fastsettjing av areal til framtidige flaumvegar i plankart og føresegner. Kommunen har valt å ikkje ta omsyn til råd om å avklare det i planfasen, og meiner det kan kome endringar i prosjektering av tiltaka som kan endre på situasjonen for handtering av overvatn.

Vi vil vise til vår merknad ved første og andre gongs offentleg ettersyn, og oppmodar kommunen om å vurdere framtidig situasjon for overvasshandtering gitt dei store endringane som vil kome som følgje av planlagt utbygging.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Hareid kommune



Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune



Statens vegvesen

HAREID KOMMUNE

Rådhusplassen 5

6060 HAREID

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Dröfn Helgadottir / 71274186

Vår referanse:
21/60003-10

Deres referanse:
19/780 22/8689

Vår dato:
29.08.2022

Uttale til tredje gangs offentlig ettersyn – Detaljregulering for Brekkane – Hareid kommune

Vi viser til høring datert 19.07.2022 med forslag til detaljregulering for Brekkane i Hareid kommune.

Saken gjelder

Hareid kommune har vedtatt å legge forslag til detaljregulering for Brekkane ut til tredje gangs offentlig ettersyn.

Hensikten med planen er å utvikle et helhetlig, sentrumsnært og attraktivt boligområde for frittliggende/konsentrerte småhus og eneboliger, samt etablere ny vegløsning og tilhørende infrastruktur.

Største arealmessige endringene som er gjort fra forrige høringsrunde er endring av det interne gangvegsystemet. Det er også utarbeidet trafikkfaglignotat – *Trafikkvurdering Holstadkrysset*.



Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sorgenfriveien 11
7031 TRONDHEIM

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Våre merknader til planforslaget

Holstadkrysset

Først vil vi komme med presisering i forhold til vår tidligere uttale. Det fremstilles i planbeskrivelsen som at Statens vegvesen er skeptisk til om rundkjøring i Holstadkrysset er riktig løsning. Det var ikke vår intensjon å antyde at rundkjøring ikke er en god eller riktig løsning. Det vi ville frem til var at den regulerte rundkjøringen i seg selv trenger ikke være det eneste temaet i vurdering av trafikksikkerhet og trafikkavvikling. Vi ville oppfordre til helhetlige vurderinger hvor det var åpning for å vurdere om det ev. finnes flere gode og tilfredsstillende løsninger ut ifra dagens ønsker og behov.

Notatet *Trafikkvurdering Holstadkrysset* har til en viss grad gjort dette. Det forslås mindre avbøtende tiltak for å imøtekommе utbyggingen innenfor planområdet Brekkane, trinn 1, mens analysen er avventende i sine vurderinger av ytterligere utbygging rundt Holstadkrysset.

Vi savner at det stilles rekkefølgekrav om de foreslalte avbøtende tiltakene, dvs. utbedring av vegvisningsskilt og enten retningsregulering av Drammensvegen eller kanalisering av Holstadkrysset iht. anbefaling i ovennevnt notat. Kommunen viser til sitt pågående arbeid med skiltplan for planområdet og områdene rundt og skisserer 3 mulige løsninger i den forbindelse for å unngå økt trafikk om Holstadkrysset. Kommunen mener at det pågående arbeidet skal være tilfredsstillende for å kvittere ut merknader og innsigelser på temaet. Ut ifra vårt ståsted vil ikke kommunens intensjoner om ny skiltplan kunne legges til grunn som premiss for realisering av planen når dette ikke følges opp i planbestemmelsene og/eller i andre juridisk bindende vedtak. Det at arbeidet med ny skiltplan ikke er landet enda kan også tilsi at konsekvensene ikke er tilstrekkelig utredet. Statens vegvesen kan med bakgrunn i dette ikke tilråde egengodkjenning av planen som den foreligger nå. Vi gjentar at vi støtter Møre og Romsdal fylkeskommune i sine uttaler/innsigelser angående samferdsel. Vi forventer at det stilles rekkefølgekrav som sikrer tilfredsstillende trafikkforhold i Holstadkrysset, iht. foreslalte avbøtende tiltak, før planen legges frem til endelig vedtak.


Vegtrafikkstøy

Vi savner at støyforholdene omtales med tanke på trinnvis utbygging. Bestemmelsene stiller krav om etablering av støyskerm/-voll slik vist i plankartet med lenging østover i samsvar med figur 2 i støyrapporten. Her er det ikke samsvar mellom plankartet og figur 2 i støyrapporten, støyskerm er delt opp i støyrapporten men den er vist uten åpning i plankartet. Er det tilstrekkelig for å sikre tilfredsstillende støyforhold for boenheterne innenfor byggetrinn 1 at støyskerm føres opp fra grensen mellom byggetrinnene og østover? Eller er det eventuelt behov for å føre opp støyskerming X antall meter vestover fra grensen (jf. avslutning i vest for skjerm A i figur 2).

Likeledes bør det henvises til støyrapporten, figur 2, i bestemmelsene for byggetrinn 2 fremfor (eller i tillegg til) fremtidig plan for «Hareidsmyrane Nord 2». Med tanke på å sikre tilfredsstillende støyforhold vil henvisning til fremtidig plan ikke gi noen rettsvirkning for planen, men figur i ferdig utarbeidet støyrapport kan gjøres rettslig bindende i gjennom bestemmelsene.

Avkjørsel til fv.61

Vi oppfordrer til at markering av dagens avkjørsel (annen veggrunn) i plankartet tas ut for at punktsymbolet «stenging av avkjørsel» kommer bedre frem. Dette for mer intuitivt plankart som ikke reiser noen tvil om fremtidig status for avkjørselen.



Vi kan ikke se at bruk av avkjørselen i anleggsperioden er vurdert.

Stenging av avkjørselen omtales som virkningsfullt tiltak for trafikksikkerheten. Om gang- og sykkelvegen forbi avkjørselen er en aktiv skoleveg er det spesielt viktig å gjøre vurdering av om det er forsvarlig å tillate økt bruk av anleggsmaskiner i avkjørselen og/eller om det i så fall er nødvendig med avbøtende tiltak mtp. tidsbegrensninger el.l.

Konklusjon

Forholdet til Holstadkrysset synes ikke tilstrekkelig løst i planforslaget, det mangler juridisk bindende rekkefølgekrav som sikrer gjennomføring av avbøtende tiltak.

Det er ikke samsvar mellom plankart og figur 2 i støyrapporten når det gjelder utforming av støyskjerming. Vi savner også bedre fremstilling av hvordan støyforholdene er ivaretatt ved trinnvis utbygging.

Vi oppfordrer til opprydding i plankartet når det gjelder avkjørsel til fv. 61 og at vurderinger av bruk av avkjørselen i anleggsperioden synliggjøres.

Statens vegvesen forventer at våre merknader blir hensyntatt i det videre arbeidet med planen frem til endelig vedtak. Vi viser også til Fylkeskommunens uttaler angående samferdsel og Statsforvaltarens uttale angående støy og forventer at også disse blir hensyntatt.

Transport midt

Med hilsen

Linda Heimen

Seksjonssjef

Dröfn Helgadóttir

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Emne: Merknad til 3. gongs offentleg ettersyn detaljregulering for Brekkane

Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

Sendt: 20.07.2022 15.13.00

Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morennett.no>

Dykkar dato: 19.07.2022

Dykkar ref.: 19/780 22/8689

Merknad til 3. gongs offentleg ettersyn detaljregulering for Brekkane

Vi syner til 3. gongs offentleg ettersyn for detaljregulering for Brekkane.

I samråd med plankonsulent er det sett av plass til ny nettstasjon for straumforsyning av området.

Det er bra.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54

+47 41 46 33 95

tone.sundklakk@morennett.no